



Seljord kommune

Arkiv: 04/00107-1  
Saksnr. 04/00107-1  
Saksbehandler: Aslak Momrak-Haugan  
Direkte telefon: 35 06 51 51

UTSKRIFT

## MØTEBOK

<b>Landbruksdepartementet</b>	
Saksnr.: 2003 / 03044 - 207	Doknr.:
Mottatt: 23 APR 2004	ASR/SU12
Saksbeh.: 1AA	Ark.: 482
Kopi:	Svkr.:

### Forslag til ny lov om skogbruk - Høyring

Utvalgssaksnr.:	Utvalg	Møtedato
015/04	Planutvalet	15.04.04

#### Saksdokument:

Utdrag av høyringsnotatet ligg vedlagt. Vidare er høyringsnotatet frå Landbruksdepartementet å finne i sin heilskap på Internett; [www.ld.dep.no](http://www.ld.dep.no) i PDF format.

#### SAKSUTGREIING:

Departementet kjem med forslag om ny Lov om skogbruk (skoglova) til høyring. Lova skal erstatte gjeldande lov om skogbruk og skogvern frå 1965, med seinare endringar. Høyringsfristen er 15 mars 2004.

Siktemålet med forslaget er å etablere eit meir moderne og juridisk formelt rammeverk for forvaltning av skogressursane, og med det regulere skogbruket som næring og stimulere til verdiskapning med grunnlag i skogressursane. Forslaget inneber ei klar forenkling av gjeldande lovgjeving om skogbruk, med ein reduksjon i innhaldet frå 58 føresegner i gjeldande lov, til 22 føresegner i den nye lova. Departementet foreslår at den nye lova skal ha fylgjande føremål;

*"Denne lova har til formål å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på verdiskapning, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen."*

Lovforslaget legg til grunn den eksisterande grensdraginga mellom skoglovgjevinga og naturvernlovgjevinga, og fører vidare prinsippa i gjeldande lov om skogbruk og skogvern i ei meir framtidretta lov, med fokus på verdiskapning innanfor dei rammer miljøomsyna tillet.

Lovforslaget fører vidare ei skogbrukstyremakt på kommune- og fylkesnivå med ei organisering som gjer det mogleg å fylgje opp regelverket og dei skogpolitiske måla på ein god måte regionalt og lokalt. Lovforslaget legg m.a. opp til eit større rom for handling på lokalt nivå enn den gjeldande lov, noko som inneber at kommunane si fullmakt til å treffe vedtak i første instans vert større. Føresegner i lova gir òg kommunane heimel for å innføre

meldeplikt for tiltak i skogbruket, om det er behov for å føre kontroll med forskrifter gitt i medhald av lova vert haldne.

Forvaltaransvaret kjem tydelegare fram i lovforslaget, då det vert lagt til grunn som hovudprinsipp at skogeigaren har ansvaret for at skogressursane og miljøverdiane vert forvalta i samsvar med lova og forskrifter gitt med heimel i lova.

Det er særleg fire forhold som talar for ei modernisera lovgjeving om skogbruk i Noreg;

- *Internasjonale forhold* – Ei moderne lovgjeving, eit tilfredsstillande tilsyn, og dokumentasjon om verksemda i skogbruket er nødvendig for å halde tilliten til det norske skogbruket i dei internasjonale marknadene oppe.
- *Eit landbruk med endra struktur og nye utfordringar* – Eit nytt lovverk for skog må møte dei utfordringane som kjem med strukturutvikling og omstilling, ein meir samansett landbruksbefolkning og eit endra innhald i landbrukspolitikken.
- *Endra rammevilkår for skogbruket og omlegging av skogpolitikken* – Skogpolitikken vart lagt om i 2003. Denne omlegginga gjer det naudsynt å legge større vekt på styring gjennom lova, og ei ny lov vil gje ei betre heilskapleg tilnærming til dei skogpolitiske utfordringane.
- *Krav om betre miljødokumentasjon*- dette femner miljøregistrering og betre oversikt over miljøverdiar, behov for meir målretta og miljøtilpassa tiltak i skogbruket, og generelt auka etterspurnad etter dokumentasjon om at produkta kjem frå eit berekraftig skogbruk.

### **Vurderingar;**

Forslaget til ny Lov om skogbruk eit godt gjennomarbeida framlegg, der me vil trekke fram fylgjande punkter;

- Formålsparagrafen i forslaget er god, og ivaretek interessene i skogbruket generelt, og Seljord-skogbruket spesielt, på ein god måte.
- Forvaltaransvaret klargjerast betre i det nye lovforslaget, og framhevar at skogeigaren har "fridom under ansvar". Dette styrkjast bl.a. i § 6 der skogeigaren påleggjast plikt til forynging innan 3 år etter hogst. Dette er ei konkretisering av plikter som skogeigar også har i den gjeldande skoglova.
- Ei forskrift som konkretiserer foryngingsplikta er naudsynt for å oppretthalde eit berekraftig skogbruk. Dette er òg med på å styrkje forvaltaransvaret ein har som skogeigar i ei tid då liten rotnetto kan gjere det freistande å overlata forynginga til seg sjølv. Forskrifta må vere balansera sett i høve til gode / dårlege bonitetar, høgd over havet og andre begrensande faktorar, slik at plikta fell rimeleg sett i forhold til framtidig økonomi.
- Ved å føre over ansvaret for å treffe vedtak til kommunane, får ein fleire saker i førsteinstans etter skogbrukslova. Dette gir auka handlingsrom til kommunane ved at ein lettare kan setje vilkår for gjennomføring av tiltak i skogbruket, eller nekte tiltak. Dette gir ein betre lokal heilskap.
- Skogavgiftsordninga vert vidareført – dette er naudsynt for å finansiere eit berekraftig skogbruk. Endring av namn er eit steg i riktig retning, då "avgift" har vore sett på som midlar som er inntrukke til "staten", og som skogeigaren ikkje har myndigheit over. Skogfond vil såleis vere eit betre namn på ordninga.
- Meldeplikt ved ulike tiltak i skogen kan vere rett i enkelte situasjonar. Likevel er det svært viktig å begrense dette kun til spesielle saker.

Innvendingar;

- Lovforslaget nyttar skogbrukstyresmakt som samlenemning for kommune, fylkeslandbrukstyret og Fylkesmannen. Dette er ei "byråkratisera" fellesnemnar som tek vekk det konkrete ved den statlege forvaltninga. "Skogoppsynet" som nemning er konkret, innarbeidd og direkte, og ein ser helst at denne nemninga vert vidareført.
- Forslag om ei ny forskrift med konkrete miljøkrav synes unødvendig. Standardane frå "Levende Skog" har lagt grunnlaget for sertifisering av skogbruket gjennom ISO 14001. Når ein veit at mest alt tømmer kjem frå miljøsertifisera skog synes ei forskrift kring dette unødvendig. Sertifiseringa legg til grunn at den nasjonale lovgjevinga skal fylgjast, og nivået for miljøomsyn er jamt høgare enn det som ligg i lovgjevinga.

### **RÅDMANNENS FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Seljord kommune ser det som svært positivt at ein får ei ny, modernisera og tilpassa Lov om skogbruk, og har i den samanheng fyljande merknadar til forslaget;

- Ei forskrift som konkretiserer foryngingsplikta er naudsynt for å oppretthalde eit berekraftig skogbruk, men forskrifta må vere tilpassa potensiale på ulike lokalitetar og ikkje vere styrande på detaljnivå.
- Innføring av meldeplikt ved ulike tiltak i skogen kan vere rett i enkelte situasjonar. Det er likevel svært viktig at meldeplikt kun nyttast når spesielle ting tilseier det, og at dette ikkje oppfattast som trugsmål frå myndighetane til den allmenne skogeigar.
- Forslag om ei ny forskrift med konkrete miljøkrav synes unødvendig. Standardane frå "Levende Skog" har lagt grunnlaget for sertifisering av skogbruket gjennom ISO 14001, og nivået for miljøomsyn er jamt høgare gjennom slik sertifisering enn det som ligg i lovgjevinga i dag.

### **Behandling og avrøysting for saka til møte i Planutvalet - 15.04.2004:**

Samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Planutvalet - 15.04.2004:**

Seljord kommune ser det som svært positivt at ein får ei ny, modernisera og tilpassa Lov om skogbruk, og har i den samanheng fyljande merknadar til forslaget;

- Ei forskrift som konkretiserer foryngingsplikta er naudsynt for å oppretthalde eit berekraftig skogbruk, men forskrifta må vere tilpassa potensiale på ulike lokalitetar og ikkje vere styrande på detaljnivå.

- Innføring av meldeplikt ved ulike tiltak i skogen kan vere rett i enkelte situasjonar. Det er likevel svært viktig at meldeplikt kun nyttast når spesielle ting tilseier det, og at dette ikkje oppfattast som trugsmål frå myndighetane til den allmenne skogeigar.
- Forslag om ei ny forskrift med konkrete miljøkrav synes unødvendig. Standardane frå "Levende Skog" har lagt grunnlaget for sertifisering av skogbruket gjennom ISO 14001, og nivået for miljøomsyn er jamt høgare gjennom slik sertifisering enn det som ligg i lovgjevinga i dag.

Utskrift til:

Landbruksdepartementet Postboks 8007 Dep 0030

OSLO